



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 25.02.2011

Møtetid: Kl. 15:15 – 17:55

Møtested: Furebuda, Leikanger

Saksnr.: 007/11 - 012/11

Følgjande medlemmer møtte

SP: Gunn Sande. H: Gry Otneim Leikanger. Uavh.gr.: Terje Ødegård. KRF: Per Stave

Følgjande medlemmer møtte ikkje

FRP: Svein Hansen, Kjell Magnar Flølo. Uavh.gr.: Tove Molnes Husabø.

Alle hadde meldt forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

FRP: Marita Aarvik, Marit Swensen.

Følgjande frå administrasjonen møtte

Tenesteleiar Eigedom Merete Nerland og fagkonsulent Landbruk Kristian Nave, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Driftsutvalet vedtok samrøystes handsaming av tilleggssak:
012/11 – Sommaropne barnehagar.

6 voterande.

Marita Aarvik gjekk frå møtet under handsaming av sak 012/11.

Før møtet vart sett fekk Anfinn Sjøstad og Jarle Honningsvåg orientere og legge fram dokumentasjon i høve synfaring / sak 010/11.

Notat frå forhandlingsmøte, dat. 02.03.1998 vart delt ut i møtet.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
007/11	Godkjenning av møtebok
008/11	Delegasjonssaker
009/11	Referatsaker
010/11	Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS
011/11	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 5 hyttetomter - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik - klagesak
012/11	Sommaropne barnehagar

Tilleggsaker: 012/11

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.02.2011	007/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/180
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 24.01.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

KU-007/11 VEDTAK

Møteboka frå møte 24.01.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.02.2011	008/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/178
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DKU. 004/11: Gbnr. 25/1 - deling av grunneigedom - bustadhus - Rune Stave - handsaming etter jordlova

DKU. 007/11: Gbnr. 25/8 - Deling av grunneigedom - bustadhus - Perly Bye

DKU. 008/11: B- Søknad om endra skulekrins

DKU. 009/11: Gbnr. 45/28,36,37,65,66 og 67- rammeløyve - utviding gravplass, p-pl og servicebygg Ervik - Fellesrådet

DKU. 014/11: Gbnr. 56/225 - Deling av grunneigedom - bustadhus - Kristin J. Hatlenes - vedtak.

DKU. 015/11: Gbnr. 78/5 - Deling av eigedom - tilleggsareal til gbnr. 78/10 - Arne Martin Rundereim

DKU. 016/11: Gbnr 45/11 - omdisponering av landbruksareal, nytt våningshus - Jon Borge Frogner og Helle Frogner

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

KU-008/11 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.02.2011	009/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/179
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	11/666	I	08.02.2011	Berit Olin Wåge	Sommaropen barnehage - referat frå møte i samarbeidsutvalet 02.02.11

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

Jf. referatsak 003/11, ref.nr. 9 - Postrutiner ved Servicekontoret:

Brev, dat. 25.02.11 frå Servicekontoret v/serviceleiar Berit Takseth, vart opplest i møtet.

Vart teke til vitande, men gav ikkje direkte svar på spørsmålet frå Driftsutvalet.

Driftsutvalet vil ha svar vedk. rutiner for utgåande post.

Tilleggsreferat:

2. B-referat. Brev dat. 03.02.11.

KU-009/11 VEDTAK

1. Vert å ta opp som eiga sak – 012/11
 2. B-referatet vart teke til vitande.
- Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	24.01.2011	005/11
Driftsutvalet	25.02.2011	010/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FA-L12	10/783

Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	07.12.2010	Sjøstad Eiendom AS	Søknad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad - Sjøstad Eiendom AS
3	U	16.02.2011	Sjøstad Eiendom AS	Melding om vedtak - Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.01.2011	Vedlegg til sak 10-783.pdf	22963

Saka gjeld

Det er kome inn førespurnad frå Sjøstad Eiendom AS (vedlegg 1) om kjøp av areal på industriområdet Nedre Sjøstad på Stadlandet.

Opplysningar til saka

Sjøstad Industribygg AS står i dag oppført som eigar av gbnr. 23/41 og 23/48 (jfr. web.matrikkelen). Sjøstad Eignedom AS, v/Anfinn Sjøstad, ønskjer å få kjøpe gbnr. 23/34 søraust for gbnr. 23/41 (sjå vedlegg 2). Området ønskjer dei å bruke som eit tilleggsareal til gbnr. 23/41, pga liten parkerings- og lagringsplass på denne eigedommen. Dei ønskjer å nytte tilleggsarealet til parkeringsareal for på den måten å få frigjort areal til lagerplass.

Som eit alternativ til å kjøpe arealet (gbnr. 23/34), foreslår Sjøstad Eigedom AS v/A. Sjøstad at ein kan foreta eit makebyte med gbnr. 23/48 (1850,9 m²).

Iflg. brannsjef Steinar Hatlelid har brannvesenet behov for ei tomt til å byggje ny brannstasjon på. Eit areal på Nedre Sjøstad industriområdet (td. gbnr. 23/48) kunne passet fint til eit slikt føremål.

Sakshandsamar si vurdering

Omsøkte område (gbnr. 23/34) er regulert til industriområde med ei offentleg avkøyrsløse inn til området (vedlegg 3 og 4). Området er på 423,8 m².

Over omsøkte område (gbnr. 23/34) er det pr. i dag opparbeida ein veg som verte nytta som tilkomst til m.a. gbnr. 23/45. Då gbnr. 23/45 vart frådelt i 1995, vart det gjort vedtak i teknisk hovudutval den 05.07.95 i sak 73/95 om at *avkøyrsløse til tomte skulle vere i tilknytning til eksisterande veg på industriområde gbnr. 23/34.*

Pga. dette vedtaket tok sakshandsamar kontakt med eigar av gbnr. 23/45 (Jarle Honningsvåg). Han ønskja ikkje å gje frå seg "vegretten" over gbnr. 23/34.

Ved å selje gbnr. 23/34 til omsøkte føremål, vil ein sperre av hovudtilkomsten til gbnr. 23/45.

Konklusjon

Selje kommune bør ikkje selje omsøkte område (gbnr. 23/34), då det her ligg ein opparbeida veg som også verte nytta av fleire brukara av industriområdet.

Saksgang

Driftsutvalet avgjer saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune ønskjer ikkje å selje gbnr. 23/34.

.....

Handsaming i Driftsutvalet - 24.01.2011

7 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka vert utsett – til ein har vore på synfaring i samband med neste møte som vert halde på Furebuda, Stadlandet.

Alle berørte partar vert kalla inn til synfaring.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

KU-005/11 VEDTAK

Saka vert utsett – til ein har vore på synfaring i samband med neste møte som vert halde på Furebuda, Stadlandet.

Alle berørte partar vert kalla inn til synfaring.

Samrøystes.

Utskrift til:
Berørte partar

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka vert sendt til rådmann for å avklare juridiske spørsmål vedkommande veirett og konsekvens ved sal av kommunalt område gbnr. 23/34.

Saka går tilbake til Driftsutvalet og vidare til Kommunestyret for endeleg handsaming.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

KU-010/11 VEDTAK

Saka vert sendt til rådmann for å avklare juridiske spørsmål vedkommande veirett og konsekvens ved sal av kommunalt område gbnr. 23/34.

Saka går tilbake til Driftsutvalet og vidare til Kommunestyret for endeleg handsaming.

Samrøystes.

Utskrift til:
Berørte partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	24.01.2011	004/11
Driftsutvalet	25.02.2011	011/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	GBNR-45/1,21, FA-L33	09/572

Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 5 hyttetomter - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik - klagesak

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	18.08.2009	Helge Eltvik	Gbnr. 45/1, 21 - Søknad om dispensasjon i høve frådelling 2 hyttetomter - Inger Marie Eltvik
2	I	18.08.2009	Inger Marie Eltvik m.fl.	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom etter jordlova - 2 hyttetomter - Inger Marie Eltvik
1	I	19.08.2009	Inger Marie Eltvik	Gbnr. 45/1, 21 - Søknad om deling eigedom - 2 hyttetomter - Inger Marie Eltvik
5	U	09.09.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - Dispensasjon til uttale
4	U	09.09.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - Dispensasjonsøknad til uttale
7	I	25.09.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Retur av søknad
8	U	02.10.2009	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 2 hyttetomter - dispensasjon - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik
9	I	08.10.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Landbruksavd.	Uttale til søknad om dispensasjon i høve frådelling av 2 fritidstomter - gbnr. 45/1, 21
10	I	19.10.2009	Inger-Marie Eltvik	Grunngjeving for søknad om frådelling av parsellar på gbnr. 45/1 og 21 i Ervik
11	U	29.10.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane;	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 2 hyttetomter - Inger Marie Eltvik /

			Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Helge Eltvik - grunngjeving
12	I	27.11.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til søknad om disp. frå pbl.§ 1-8 og arealdelen til kommunepl.for frådeling
14	U	22.12.2009	Inger Marie Eltvik	Korrigert sakshandsamingsgebyr - Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 5 hyttetomter - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik
15	U	28.04.2010	Inger Marie Eltvik; Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Landbruksavd.	Melding om vedtak
16	I	06.05.2010	Inger-Marie Eltvik	Klage på vedtak om frådeling av parsellar på garden Ervik
17	I	01.11.2010	Inger-Marie Eltvik	Klage på behandling av klage på vedtak om frådeling av parsellar på garden Ervik.
19	U	16.02.2011	Inger Marie Eltvik; Helge Eltvik	Melding om vedtak - Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 5 hyttetomter - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik - klagesak

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.12.2010	Oversiktskart	13866
03.12.2010	Oversiktskart	13869
03.12.2010	Oversuiktskart	13872
14.12.2009	Gbnr. 45/1, 21 - Deling eigedom - 2 hyttetomter - Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik	15865
07.05.2010	Klage på vedtak om frådeling av parsellar på garden Ervik	18358

Saka gjeld

Klage på vedtak i DS – 109/09 datert 14.12.2009. Gbnr. 45/1, 21 – Deling av eigedom – 5
hyttetomter – Inger Marie Eltvik / Helge Eltvik.

Opplysningar til saka

Inger Marie og Helge Eltvik, eigarar av gbnr. 45/1 og 21, søkte 19.08. 2009 om frådelling av tilsaman fem parsellar på 3 ulike stader på eigedomen til fritidsføremål.

I sak DS 109/09 vart søknadane avslagne slik dei låg føre av fleire grunnar. Dette er gjort greie for i saksutgreiinga i sak 109/09 (vedlegg). Det vart likevel peika på eit alternativt område på eigedomen lenger aust i bygda der frådelling vil vere mindre konfliktfylt. Dette vil kreve ny søknad. Gjennom ein planprosess kan ein i framtida kome fram til andre områder for hyttebygging i Ervik.

Inger-Marie Eltvik klaga på vedtaket i brev av 3. mai 2010

Innhaldet i klaga vert oppsummert slik:

- 1. *Dei er overraska over at det har teke 8 månader å handsame søknaden medan ho har berre 3 veker klagefrist.*
- 2. *Dei har ikkje sett uttalen frå fylkesmannen.*
- 3. *Søklarane veit at frådellingane er i strid med lovverk og planer. Derfor søker dei om dispensasjon og reknar med at det vert handsama deretter.*
- 4. *Omsøkte parsellar er mindre i konflikt med § 12 i jordlova enn parsellen kommunen har frådelt ved kyrkjegarden.*
- 5. *Praksis å krevje reguleringsplan ved meir enn to frådeltte parsellar på ein eigedom. Kva meinast med eigedom? Praksis kan ikkje vere avgjerande for dei, kva er grunngjevinga og er det fatta formelt vedtak? Blir frådellinga ved kyrkjegarden rekna med?*
- 6. *Dei to tomtene sør ved nausta kjem ikkje under intensjonane i pbl. for 100-metersbeltet.*
- 7. *Vanskeleg å finne areal i Ervik med vegtilkomst som ikkje er dyrka mark.*
- 8. *Kulturminne. Kva slags?*
- 9. *Synes ikkje området ved skulen er attraktivt.*

Lover/regelverk

Plan- og bygningslova. (pbl)

Jordlova.

Kommuneplanen sin arealdel.

Naturmangfaldslova

Sakshandsamar si vurdering

Ved førre handsaming av denne saka vart frådelling av omsøkte parsellar avslagne av fleire grunnar og med heimel i fleire lover, forskrifter og nasjonale retningslinjer.

Det vart skissert eit alternativ som var mindre konfliktfylt. Ettersom vedtaket er påklaga tek ein her føre seg momenta i klagen.

Vurdering av momenta i klagen:

- 1. 8 månaders handsamingstid. Det er beklageleg at denne og andre slike saker tek for lang tid. I denne saka var ikkje søknad om dispensasjon fullstendig utfylt slik at det tok noko tid før søknaden vart komplett. Dispensasjonssøknader skal sendast til fylkesmannen for uttale før kommunen har høve til å handsame den. Stor arbeidsmengde på eininga gjer at det går lang tid. Klagefrist på 3 veker er lovbestemt.
- 2. Ikkje sett uttale frå FM. Uttaler frå fylkesmannen står i dokumentlista og part i saka har rett til dokumentinnsyn dersom ein ynskjer det. I nokre saker vert uttalene teke inn som vedlegg i saka.
- 3. Handsama som dispensasjon. Saka er, etter sakshandsamar si oppfatning, handsama etter dei reglar som gjeld for dispensasjon frå pbl og kommuneplan.

- 4. Kyrkjegarden, i konflikt med § 12 i jordlova. Kyrkjegarden er det utarbeidd reguleringsplan for. Det er ikkje relevant å samanlikne regulering til viktige offentlege føremål og frådelling til privat fritidsbustad.
- 5. Meir enn to frådelt persellar. Ein eigedom ved jordlovshandsaming er ei driftseining utan omsyn til registereiningar. På grunn av krav til at alle skal handsamast likt i "like" saker, er det naudsynt å ha rammer for forvaltninga. Denne praksisen er nemnd i saker fleire år tilbake. I utgangspunktet er det eit delingsforbod og det er strenge krav i jordlova for å fråvike dette forbodet. Dispensasjon frå pbl er også innskjerpa i den nye lova frå 2009. Kyrkjegarden er regulert område og vert sjølvstendig ikkje rekna med.
- 6. To tomter sør ved nausta. Avgjerd i slike saker skjer etter ei totalvurdering der pbl, jordlov, kulturlandskap, kulturminne og planfaglege tilhøve skal vurderast. Så lenge parsellane ligg mindre enn 100 frå sjø gjeld intensjonane for 100-meters beltet.
- 7. Vanskeleg å finne areal i Ervik. Utifrå jordlova og nasjonale retningslinjer bør det ikkje byggjast fritidsbustader på jordbruksareal. (dyrka og innmarksbeite) Bør i tilfelle vere som del i planprosess.
- 8. Kulturminne sør ved nausta. Omsøkt frådelling ligg i område med hustuffer frå fangeleiren frå 2. verdskrig.
- 9. Området ved skulen. Finn ikkje å kommentere det.

Konklusjon

Klaga vert ikkje teken til følge då det ikkje ligg føre nye opplysningar.

Saksgang

Held kommunen fast på vedtak i sak nr. DS 109/09, vert saka sendt til fylkesmannen til endeleg avgjerd. Tek kommunen klaga frå Inger-Marie Eltvik til følge stoppar saka i driftsutvalet med mindre den vert påklaga.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune tek ikkje klaga frå Inger-Marie Eltvik dat. 03.05.2010 til følgje og held fast på vedtak i DS – 109/09 datert 14.12.09. Grunngeving er at det ikkje ligg føre nye opplysningar.

.....

Handsaming i Driftsutvalet - 24.01.2011

7 voterande

Fellesframlegg frå partia/Uavh.gruppe:

Saka vert utsett.

Det blir synfaring i områda der det er søkt om hyttebygging, på neste møte –som blir på Stadlandet. Eigarane, Driftsutvalet og sakshandsamar deltek på synfaringa.

Avrøysting:

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster

KU-004/11 VEDTAK

Saka vert utsett.

Det blir synfaring i områda der det er søkt om hyttebygging, på neste møte –som blir på Stadlandet. Eigarane, Driftsutvalet og sakshandsamar deltek på synfaringa. Samrøystes.

Utskrift:

Heimelshavarane

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka skal inn i arealdelen av kommuneplanen.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

KU-011/11 VEDTAK

Saka skal inn i arealdelen av kommuneplanen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Heimelshavarane



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	25.02.2011	012/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-A10	10/629

Sommaropne barnehagar

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
5	I	08.02.2011	Berit Olin Wåge	Sommaropen barnehage - referat frå møte i samarbeidsutvalet 02.02.11

Opplysningar til saka

Driftsutvalet vedtok å handsame referatsak 009/11 – referat nr. 1 som eiga sak.
Vart handsama som tilleggssak

Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011

6 voterande.

Marita Aarvik gjekk frå møtet under handsaming av saka.

5 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Driftsutvalet sender saka over til Formannskapet og bed dei om å finne måtar å finansiere sommaropne barnehagar på. Vi har ikkje midlar å omdisponere innanfor oppvekstsektor. Vi føreset at det skal vere minimum fem barn påmelde, jf. saksutgreiing.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

KU-012/11 VEDTAK

Driftsutvalet sender saka over til Formannskapet og bed dei om å finne måtar å finansiere sommaropne barnehagar på. Vi har ikkje midlar å omdisponere innanfor oppvekstsektor. Vi føreset at det skal vere minimum fem barn påmelde, jf. saksutgreiing.

Samrøystes.

